



NOTAT

Arkivsaknr.:
2019000423-37

Arkiv
K2-Q80, K2-Q52

Sakshandsamar
Jan Olav Åsarmoen Møller, 45978522

Dato
10.10.2021

Aurland trafikk og parkering - referat frå møte i prosjektgruppa 08.10.2021

Referat


Dato: 08.10.2021
Tid: 12.00 – 14.00
Referent: Jan Olav Å. Møller

Aurland trafikk og parkering – status og vidare arbeid

Møte nr: 01/21
Stad: Møterom Teknisk, Aurland rådhus.
Til stades: Prosjektgruppe v/ Bengt Erlend Skjerdal, Gøran Johansen, Monica Finden.
Ordførar Trygve Skjerdal.
Administrasjonen: Ingunn B. Skjerdal, Henning Elgåen, Steve Elgåen, Reinhardt Sørensen, Jan Olav Å. Møller
Ikkje møtt: Leiv Jarle Bergheim.
Kopi til: Rådmann, Formannskapet(prosjektstyre).

	Ansvar / frist
<ol style="list-style-type: none">1. Prosjektleiar Jan Olav Å. Møller orienterte om status for prosjektet og arbeidet som er gjort etter kommunestyret sitt vedtak av parkeringsstrategi og organisasjonsform 17.09.2020. Gjennomgang av revidert framdriftsplan i oppdatert sentralt styringsdokument.2. Senioringeniør Steve Elgåen orienterte om status og arbeid med etablering av ladestasjonar, rammer og problemstillingar, samt anbodsrunde for rammeavtale ladestasjonar.3. Ingeniør Henning Elgåen orienterte om status og arbeid med etablering av parkeringsløyisingar, rammer og problemstillingar, samt anbodsrunde for rammeavtale parkeringsløyisingar.	
<p>Prosjektet er no inne i ein taktisk og operativ fase der vedtekne tiltak og strategiar vert realisert. Parkeringsareal blir bygd og vi er i anbodsprosessar og innkjøpsfaser for parkeringsløyisingar(parkeringsautomatar m.fl), ladestasjonar, kontrollsystem, baksystem – klagehandsamingssystem, parkeringsapp. Alle avklaringar og innkjøp</p>	

skal vera klart innan utgangen av året. Eit sentralt tema i arbeidet er å sikre at dataflyten mellom kontrollsystem, parkeringsapper, baksystem, økonomisystem og saksarkiv skal virke.



Skisse frå møte: samanhengar og dataflyt.

Taktisk og operativt dokument – gjennomgang av:

- Parkeringssoner
- Betalingsatsar
- Tidsperiodar
- Betalingsløysingar
- Unntak
- Samarbeid
- Igangsetting
- Føreberelse planskisser over dei ulike grendene

Tabellen under syner plan for igangsetting av parkeringsordning for dei ulike områda

Vassbygdi	Mai 2022
Undredal	Mai 2022
Flåm	Mai 2022
Gudvangen	Mai 2022
Aurland sentrum	Mai 2023

Behovet for rullering av reguleringsplan for Aurlandsvangen vart drøfta. Aurlandsvangen er meir kompleks med mange problemstillingar og utbyggingsplanar. Vi treng tida fram til mai 2023 for å planlegge og tilrettelegge for innføringa av gebyr.

Arbeidet med parkeringsareal og tiltak er svært sentralt i arbeidet med kommuneplan for Aurland som no er i gang.

Vidare arbeid:

Det er umogleg å sjå føre seg alle scenario når parkeringsordninga vert satt i drift. Det er viktig at det blir gjennomført ei stegvis utviding av ordninga der vi får gjort naudsynte erfaringar undervegs. Teknisk må gjennomføre fortløpande endringar undervegs i tråd med parkeringsstrategien.

I møte vart det lagt vekt på at retningslinjene for forvaltninga av parkeringsforskrifta og ordninga må handsamast «firkanta». Dette føreset at retningslinjene er tydelege og blir godt kommunisert ut til innbyggjarane. Viktig med informasjon ut via heimeside og Aurlendingen.

Inntekter går til drift av parkeringsordninga. Ordninga medfører at det er behov for å tilsette parkeringsbetjener(kombinerte stillingar). Overskot av ordninga går til nye parkeringstiltak, sentrumstiltak og infrastrukturtiltak. Inntektene kan medføre at det blir frigjort midlar nytta på veg i dag til t.d meir vedlikehald av kommunale bygg.

Gebyr blir innarbeidd i gebyrhefte til Budsjett 2022. Gebyrstorleiken er tilpassa nabokommunar sine satsar. Gebyret bør omtalast gjennom eigne kommentarar og

vurderingar i saka.

Vi tek eit nytt statusmøte etter 1 mai når vi er i gang med parkeringsordninga i fleire grender.

Jan Olav Åsarmoen Møller
Ingeniør

Vedlegg:

10.10.2021 Presentasjon - taktisk og operativt dokument - Aurland trafikk og parkering
10.10.2021 Taktisk og operativt parkeringsdokument (DokID 240302)

Kopi til:

Henning Elgåen
Ingunn Bårtvedt Skjerdal
Reinhardt Sørensen
Steinar Søgaaard
Steve Elgåen
Trygve Skjerdal

5745 AURLAND